



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	17.06.2010
Tid:	15:00 Møtet startar med oppmøte på Raknes Barnehage i Bukta

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 10/25	Underskrift	
PS 10/26	Godkjenning av protokoll	
PS 10/27	Referatsaker	
PS 10/28	Open post	
PS 10/29	Godkjenning av Forprosjekt " Ny barnehage Midsund" med finansiering	2009/329
PS 10/30	Val av alternativ for tilbygg ved Midsund skule - felles skule.	2010/254
PS 10/31	Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan for sentrum - Jan Ove Langholm og Ann Helen Ukkelberg	2006/78
PS 10/32	Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan for sentrum - Anne Setnes og Tormod Sandnes	2006/78
PS 10/33	Klage på kommunestyret si godkjenning av reguleringsplan for sentrum - Reidar Midsund	2006/78
PS 10/34	Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan for sentrum - Gamlebygdas venner	2006/78
PS 10/35	Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan for sentrum - Amalie Misund m.fl	2006/78
PS 10/36	Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan for sentrum - Arve Misund	2006/78
PS 10/37	Asfaltering 2010 - prioritering	2010/238
PS 10/38	Budsjettregulering investeringsbudsjettet 2010	2010/239

PS 10/39	Gebyrregulativ for byggesaksbehandling 2010 - endring av hjemmel pga. " Ny Plan og- bygningslov" frå 01.07.10	2009/601
PS 10/40	Godkjenning av søknad om utslippsløyve frå Vågsmyrane hyttefelt i Rakvågen	2010/158
PS 10/41	Søknad om fråfall av forkjøpsrett til gnr. 50 bnr. 215	2009/497
PS 10/42	Sal av næringstomt - deler av gnr. 50 bnr. 183	2010/37
PS 10/43	Fag- og timebyteplan i grunnskulen i Midsund kommune	2010/191
PS 10/44	Organisering av leksehjelp 1.-4. trinn	2010/244
PS 10/45	Investering i kontor- og saksbehandlingssystem	2010/255

Midsund, 10.06.2010

Helge Orten
Ordfører

Gunn Hole
sekretær

PS 10/25 Underskrift

PS 10/26 Godkjenning av protokoll

PS 10/27 Referatsaker

PS 10/28 Open post



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/329-3
Arkiv:
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 31.05.2010

Saksframlegg

Godkjenning av Forprosjekt " Ny barnehage Midsund" med finansiering.

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/11	Kommunalt råd for funksjonshemma	14.06.2010
	Arbeidsmiljøutvalet	
10/29	Formannskapet	08.06.2010
10/29	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner forprosjekt for ny barnehage i Midsund kommune som lagt fram, med følgende endringer:
 - a. Areal til kjøkken og garderober blir auka med totalt 36 m², med ein estimert meirkostnadkostnad på ca 500 000 kr uavhengig av alternativ.
 - b. Alternativ 2 i forprosjekt, tilrettelegging for eventuell framtidig utviding av barnehagen blir lagt til grunn.
2. Kommunestyret vedtek ei ramme på 21,1 millionar kr for gjennomføring av prosjekt.
3. Kommunestyret vedtek namn på ny barnehage til "Gjerdet barnehage".

Behandling i Formannskapet - 08.06.2010

Teknisk sjef Inge Rakvåg delte ut oppstilling på investeringer 2010 i ny barnehage.

Aslaug Jenset Sanden (H) fremma forslag om å gå for alternativ 3 i saksframlegget:

1. *Kommunestyret godkjenner forprosjekt for ny barnehage i Midsund kommune som lagt fram, med følgende endringer:*
 - a. *Areal til kjøkken og garderober blir auka med totalt 36 m², med ein estimert meirkostnadkostnad på ca 500 000 kr uavhengig av alternativ.*
 - b. *Alternativ 3 i forprosjekt blir lagt til grunn.*
2. *Kommunestyret vedtek ei ramme på 22,2 millionar kr for gjennomføring av prosjekt.*

3. *Kommunestyret vedtek namn på ny barnehage til "Gjerdet barnehage".*

Magne Reiten (SP) stilte spørsmål om arealbehov samt om det er naudsynt med så mange ekstra plassar utan å endre struktur.

Det vart fremma ønskje om statistikk over søkjarmasse/behov for barnehageplass til saka kjem opp i komunestyret 17.06.2010.

Votering: Forslag frå Aslaug J. Sanden (H) vart vedteke med 3 mot 2 stemmer.

Vedtak i Formannskapet - 08.06.2010

1. Kommunestyret godkjenner forprosjekt for ny barnehage i Midsund kommune som lagt fram, med følgjande endringar:
 - a. Areal til kjøkken og garderober blir auka med totalt 36 m², med ein estimert meirkostnad på ca 500 000 kr uavhengig av alternativ.
 - b. Alternativ 3 i forprosjekt blir lagt til grunn.
2. Kommunestyret vedtek ei ramme på 22,2 millionar kr for gjennomføring av prosjekt.
3. Kommunestyret vedtek namn på ny barnehage til "Gjerdet barnehage".

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Kommunestyret vedtok 25.juni 2009 bygging av ny barnehage med 72 plassar lokalisert på tomt vest for Midsund stadion. Saka om organisering av barnehagetilbodet var opp med bakgrunn i kommunestyrevedtak 18. desember 2008, sak 08/101 Budsjett 2009 – Økonomiplan 2009 – 2012, pkt.7:

"Kommunestyret ber rådmannen legge fram sak om ei permanent organisering av barnehagetilbodet innan utgangen av mai".

Rådmannen legg med denne saka fram forslag til prosjektbeskriving og økonomisk ramme for prosjektet.

Organisering av arbeidet med prosjektet:

I planlegginga av den nye barnehagen i Midsund kommune har det vore eit mål å informere og involvere brukarane på ein god måte. Brukarane av bygget, og då spesielt ansatte i barnehage, sit med kunnskap om drift, praktiske løysingar, utforming av inne og uteareal, ergonomi, materialvalg, plassering av funksjonar m.m. Ein har difor ønska å dra nytte av dette i planleggingsprosessen for å legge eit godt grunnlag for fleksible og gode løysingar tidleg i prosessen.

Prosjektet har vore organisert med ei prosjektgruppe og ei referansegruppe. Prosjektgruppa har hatt ansvaret for å utarbeide eit romprogram i samarbeid med brukarrepresentantane i referansegruppa. 23.09.2009 hadde rådmannen møte med sentrale brukarrepresentantar for å orientere om og planlegge arbeidsprosessen i programmeringsfasen. Deltakarar på møtet var rådmann, pedagogisk rådgjevar, teknisk sjef, einingsleiarar ved alle barnehagane, hovudtillitsvalde for organisasjonane og hovudverneombod.

Prosjektgruppa i programmeringsfasen:

Geir J. Göncz – Rådmann

Inge Rakvåg - Teknisk sjef

Stian Løken - Pedagogisk rådgjevar

Birgitta Hole - Einingsleiar Raknes barnehage

Arnold Askeland – Ekstern konsulent (Hammerø & Storvik)

Referansegruppe:

Birgitta Hole – leiar

Inger Kristin Ovesen – ansatt Raknes barnehage

Silje Tangen – ansatt Raknes barnehage

Marianne Hjelen – Verneombod

Hilde Stormyr – Utdanningsforbundet

Birgitta Hole har og hatt ansvaret for den løpande dialogen med samarbeidsutvalg, foreldre, tillitsvalde og ansatte. Foreldre og samarbeidsutvalg har jamleg blitt informert med utsendt informasjon og personalet ved Raknes barnehage har, i tillegg til å være representerte i referansegruppa, blitt orientert på personalmøter. Prosjektgruppa har vore ansvarleg for-koordineringa av arbeidet i programmeringsfasen og utarbeiding av romprogram i samarbeid med referansegruppe.

I programmeringsfasen la ein opp til hyppige møter med i utgangspunktet eit møte pr. veke fram til november. Før møte i prosjektgruppe har referansegruppe gjennomført møte og drøfta og kome med innspel til informasjon/forslag frå prosjektgruppe og programmeringsarbeidet har vore gjennomført som ein løpande dialog med referansegruppa der det i felleskap har vore utarbeida eit romprogram alle har bidratt til og har stått inne for.

I kontraheringsfasen etter arkitekttenester og medan ein venta på skisser frå arkitekt har referansegruppa og hatt jamlege møter der dei har teikna forslag til uteområde, arbeida med meir detaljerte spesifikasjonar til inventar osv.

I arbeidet med skisse- og forprosjekt har alle forslag til løysingar blitt arbeida med og kommentert i referansegruppa, og dei har i stor grad vore med og påverka dei løysingane som har blitt arbeida fram.

Møteoversikt referansegruppa:

Møter og informasjon brukargrupper:

23.09.09 Fellesmøte hovudtillitsvalde og verneombod

Prosjektgruppe:

- 30.9.9 Møte prosjektgruppe, romprogram
- 13.10.9 Møte prosjektgruppe, romprogram
- 21.10.09 Møte prosjektgruppe, romprogram

Referansegruppe:

- 21.09.09 Val av barnehagen sine representantar til referansegruppe.
- 28.10.09 Tomt, begrepsavklaring
- 30.09.09 Romprogram
- 06.10.09 Romprogram
- 12.10.09 Romprogram
- 26.10.09 Romprogram
- 14.01.10 Arkitektval, barnehagebesøk, romprogram. Stian deltok.
- 03.02.10 Romprogram
- 15.02.10 Planteikningar
- 03.03.10 Planteikningar og navneval
- 15.03.10 Plassering av bygg, parkering og planteikningar
- 24.04.10 Planteikning.
- 25.05.10 Informasjon. Inge og Stian deltok.

- 19.10.9 Barnehagebesøk Eide
- 30.10.9 Barnehagebesøk Sunnmøre
- 23.11.09 Synfaring barnehagetomt

Foreldremøte/samarbeidsutvalmøte/Informasjonsskriv/Personalmøte:

- 10.08.09 Planleggingsdag. Informasjon om vedtak.
- 23.09.09 Foreldremøte. Informasjon.
- 21.10.09 Personalmøte. Informasjon
- 26.10.09 Informasjonsskriv
- 12.11.09 SU-møte. Informasjon
- 16.11.09 Personalmøte. Informasjon
- 4.1.2010 Planleggingsdag. Informasjon. Idedugnad uteområde.
- 27.1.2010 Personalmøte. Informasjon.
- 23.2.2010 Personalmøte. Informasjon.
- 3.3.2010 Informasjonsskriv.
- 28.4.2010 SU-møte. Informasjon. Stian deltok.
- 10.5.2010 Personalmøte. Informasjon.
- 25.5.2010 SU-møte. Stian og Inge deltok. Høring.
- 9.6.2010 Foreldremøte. Informasjon.

Kommunestyret:

- 10.9.9 Orientering i kommunestyret
- 15.10.9 Orientering i kommunestyret
- 19.11.9 Orientering i kommunestyret
- 25.2.10 Orientering i kommunestyret
- 6.5.10 Orientering i kommunestyret

Val av løysing:

Referansegruppa har i stor grad vore premissleverandørar for val av løysing og utforming av den nye barnehagen. Grunngevinga for val av type løysing og utforming frå referansegruppe v/Birgitta Hole

Vi har dei siste åra vore på ein del barnehagebesøk rundt omkring og vi har fulgt med på den storstilte barnehageutbygginga som har skjedd dei siste åra. Vi har sett tradisjonelle avdelingsbarnehagar og dei meir opne basebarnehagane som mange byggjer no. Vi har vald å gå for ei mellomløysning, der vi har delar av leike- og opphaldsarealet på eigne baser/avdelingar og delar av arealet trekt ut i fellesrom og funksjonsrom for alle barna.

*Kva skal ein barnehage innehalde? Både uterom og innerom må gje mulegheit for fleksibilitet og kreativitet med tanke på tal på barn, alder, modning og universell utforming. **Trygghet, trivsel og utvikling er nøkkelord i hovedmålet til barnehagen.** Barna lever mykje av kvardagslivet sitt i barnehagen, det skal vere noko å strekke seg etter både for ein 1- åring og ein 5-åring.*

Innerommet i den nye barnehagen er meir fleksibelt enn tradisjonelle avdelingsbarnehagar. Intensjonen er at både areal og vaksne skal vere ein ressurs for alle barna store delar av dagen. Innearealet er dermed lagt til rette for openhet og samarbeid på tvers av huset.

Det inneber at fire baser/avdelingar har kvar sitt areal med eit større og eit mindre leikerom. Basene/avdelingane kan "trekkje seg tilbake" delar av dagen når dei ønskjer å arbeide for seg sjølv. Ein 1-åring treng andre utfordringar enn ein 5-åring, dermed må romma også utformast slik at det gjev utvikling og læring. Avdelingane/basene treng ikkje overfyllest med bord og stolar og ta golvarealet frå barna og leiken deira, sidan fellesrommet også kan brukast under måltida. To og to baser/avdelingar deler inngang og garderobe og stellerom.

Delar av det påkrevde leike- og opphaldsareal vert samla i eit fellesrom og ulike funksjonsrom som kan brukast av alle. Fellesrommet har kjøkkenfunksjon for alle basene/avdelingane, dvs at det vert tilrettelagd for eit storkjøkken, og ikkje 4 kjøkkenkrokar. Dette gjev rom for samarbeid på tvers om morgonen, under måltida og på ettermiddagen. Vi får brukt vaksenressursane på ein best muleg måte når det er rolege tider og når det er hektiske tider i løpet av dagen. Fellesrommet kan også brukast til større arrangement i barnehagen.

Funksjonsromma ligg også sentralt i bygget. Dermed kan ein "lukke/opne" delar av bygget gradvis om morgonen og om ettermiddagen. Samtidig kan vi utstyre desse romma ulikt etter kva utvikling og utfordringar barna treng dei ulike åra eller kva prosjekt barna held på med.

Areal

Barnas leike- og opphaldsareal inne er berekna ut i frå veiledande arealnormer gitt i merknader til barnehagelova §10 første ledd og i Veileder til miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v: Veiledende norm for barns lekeareal inne er 4 kvadratmeter netto per barn og om lag 1/3 mer per barn under tre år. Vidare står det at Arealberegninga ved fastsettingen av leke- og opphaldsareal per barn må ta utgangspunkt i de rommene som faktisk står til disposisjon for barnas aktiviteter. Dette gjelder for eksempel lekerom, grupperom og sove- og hvilerom . Dersom barnas garderobe også egner seg som leke- og oppholdsrom, kan denne også

medregnes... .Personalrom, kontor, stellerom, toaletter og lignende skal ikkje tas med i beregninga. I planlegginga er alt areal berekna med utgangspunkt i storbarnsekvivalenten med med grunnlag i å legge til rette for ei fleksibel drift. Ein barnehage med 72 plassar bør då ha eit netto leike- og opphaldsareal på om lag 288 m². I prosjektet er det areal i baserom, felles aktivitetsrom og fellesrom som er rekna som leike- og opphaldsareal. Gangar, garderober og kjøkken m.m. er i planlegginga ikkje definert som leike- og opphaldsareal.

Leikearealet ute bør etter veiledande normer være om lag seks gongar netto leike- og opphaldsareal inne. Dette tilsvarar at leikeareal ute minimum bør være ca 1,8 mål. Parkeringsplass, tilkjørsvegar og liknande skal ikkje reknast til dette arealet. Utearealet til den nye barnehagen vil ha eit leikeareal ute på om lag 6-6,5 mål.

Høyringsuttalar:

Utdanningsforbundet i Midsund.

Utdanningsforbundet i Midsund meiner tomta er værutsatt. Vidare er det viktig å prioritere gangveg. I forhold til areal kommenterar dei mellom anna at kjøkkenet er lite, utforming og storleik på grovgarderobe og storleik arbeidsrom for ansatte.

Kommentar til gangveg er i tråd med rådmannens vurdering. Kommenterar til kjøkken og grovgarderobe er i samsvar med rådmannen si vurdering av arealet. Øvrige kommenterar til innhald i rom og plassering presiserer rådmannen at dette i stor grad blir utarbeida etter innspel og ønske frå referansegruppa.

Teknisk v/vedlikehald, reinhald og verneombod

Kommenterar at parkeringsplass er for liten, vanskeleg for søppelbil. På arealet vert det kommentert at grovgarderobe og reinhaldsrom har for lite areal. Dette er i tråd med rådmannen si vurdering. Andre moment som er kommenterte er viktig for vidare arbeid med detaljprosjekt.

Plasstillitsvald Delta, Raknes barnehage

Verneombod påpeikar at grovgarderober har for lite veggplass og skal og ha plass til tørkeskap. Dette er i tråd med rådmannen si vurdering. Storleik og utforming på soveskur er og kommentert. Ellers er det kommentert detaljar som er viktige i arbeidet med detaljprosjektet.

Samarbeidsutvalet Raknes barnehage

Har generelt mange positive kommenterar til forprosjektet. Poengterer behov for gangveg og ønsker fartsgrense på 30 km/t forbi barnehagen. Det vert stilt spørsmål rundt antal parkeringsplassar og om behovet er overvurdert. Kommenterar til arealet. Grovgarderobe, garderobe ansatte og kjøkken har for lite areal. Rådmannen har vurdert grovgarderobe og kjøkken som romma med størst behov for å auke arealet. Det er og kommentert at det ikkje bør være overbygd mellomgang mellom personaldel og fellesrom, men at romma bør byggast saman. Vidare er det kommenterar som vil bli tatt med i det vidare arbeidet.

Midsund barnehage

Kommenterer generelt at det er viktig med lagerplass, god lufting i vognskur og tilstrekkeleg areal i grovgarderobe.

Verneombod v/Raknes barnehage

Verneombod kommenterar at areal til kjøkken er for lite. Dette er i tråd med rådmannen si vurdering. Vidare blir det kommentert gang og garderober ikkje skal definerast som leike- og opphaldsareal. Rådmannen påpeikar at dette ikkje ligg inne i netto leike- og opphaldsareal for den nye barnehagen. Det blir og påpeika at eit av stelleromma må leggest nærare fellesrom. Dette er presisert tidlegare at det vil bli gjort i revisjonsfasen av forprosjektet.

Nord-Heggdal barnehage

Personalet ved Nord-Heggdal barnehage kommenterar at det er for lite veggplass og areal i grovgarderobe. Dette er i tråd med rådmannen si vurdering. Ønsker eit lite kjøkken på kvar base. Rådmannen påpeikar at eit felles kjøkken for heile barnehagen er i tråd med referansegruppa sine ønsker. Det blir vidare kommentert areal på fellesrom. Rådmannen viser til at dette arealet ligg inne som ein del av netto leike- og opphaldsarealet til barnehagen og handlar om fordeling av areal mellom basane, aktivitetsrom og fellesrom.

Vurdering:

Viser til dokumenta i prosjektet:

- Forprosjekt ” Ny barnehage i Midsund ” av mai 2010, Teikningar av 05.05.10 og Samanstilling Forprosjekt (økonomisk) mai 2010

I kommunestyrevedtak av 25.06.09 blei det løyva ei ramme på 12,5 millionar kr. til å utgreie eit grunnlag for totalentreprise innanfor ei investeringsramme på 12.5 mill kr. Økonomisk ramme blei gitt på grunnlag av kostnadsoverslag nytt barnehagebygg i saksframlegg. Kostnadsoverslag i forprosjekt viser 19.4 millionar kr for alternativ 1, 20,6 millionar kr. for alternativ 2 som er rådmannens innstilling. Avvik mellom økonomisk ramme og kostnadsoverslag kan forklarast med følgjande faktorar:

Økonomisk ramme for barnehagebygget blei utarbeida med utgangspunkt i eit br.a. på 600 m² og ein gjennomsnittspris på 21 000 kr pr. m². Dette arealet blei henta frå nettside utarbeida av kunnskapsdepartementet og husbanken der det står følgjande: *En barnehage med 72 barn trenger ca. 500 m² bruttoareal, unntaksvis over 600 m².* Forprosjekt viser eit bta på 718 m².

Følgjande moment bidreg til overskriding av den økonomiske ramma:

- o Nye byggeforskrifter med nye krav, estimert meirkostnad ca 1 mill. kr.
- o Auke i gjennomsnittleg pris pr. m² frå 21 000 kr. til 24 700 kr. Dette utgjer ein differanse på 3700 kr pr. m², totalt.
- o Bta 118 m² meir enn vurdert.
- o Parkeringsplassar arealkrevande og kostnadskrevande, ikkje i opprinneleg ramme.

Grunnlag meirforbruk økonomisk ramme	Meirkostnad
Nye byggeforskrifter	kr 500 000
Auke i gjennomsnittpris 3700 kr	kr 2 220 000
Differanse areal, 118 m ²	kr 2 914 600
Parkeringsplassar	kr 1 000 000
Totalt	kr 6 634 600

Sett i etterkant burde kanskje økonomisk ramme for prosjektet vore vurdert etter gjennomført programmering og skisseprosjekt. Grunnlaget for eit meir nøyaktig kostnadsoverslag hadde då vore betre.

Tomta.

Barnehagetomta ligg nedafor Midsund stadion, langs Industrivegen og er på ca. 8800 m². Tomta er i samsvar med reguleringsplana. Det er viktig med ei stor barnehagetomt for å ha nok areal med tanke på eventuelle framtidige utvidingar, i tillegg til å ha eit godt uteareal for barna. Avtale er underskrevet av Astrid K. Woll. For å få til ei god løysing på trafikkavvikling og parkeringsplassar er eit område på om lag 400 m² av barnehagetomta lagt inn på eigedommen til Midsund idrettslag. Midsund kommune er i samtalar med MIL om dette.

Tomta skal innehalde kjørevegar, P – plass, bygg og leikeområde. I planprosessen har det vore viktig å finne gode løysingar for trafikkavvikling og parkering, med minst mogleg rygging i gangområde. Sjøppel blir lagra innandørs i utelager for å sikre branntryggleiken og blir plassert med tanke på god plass til søppelbil og enkel henting av søppel. Det som har vore viktig i planprosessen er å få til så gode vegar P- plass som mogeleg, med minst mogeleg rygging i gangområde. Sjøppelet er lagra innandørs i utelager for å sikre branntryggleiken. Plassering av søppelrommet/utelager blir gjort for enkel henting av søppel. Vidare er det viktig at trafikkarealet og parkeringsplassar blir utforma for enkelt vedlikehald.

For ein barnehage er det viktig å ha eit godt og attraktivt uteområde for barna. Forskriftsfesta krav til areal er at ein barnehage skal ha eit leikeareal ute som er seks gongar netto leike- og opphaldsareal inne. Barnehagetomta som utforma i forprosjekt vil ha eit uteområde om lag tre gongar dette og har samstundes eit variert terreng som kan tilretteleggast og skape gode utfordringar for både dei små og store i barnehagen.

Gangveg langs Industrivegen.

Bygging av barnehage vil medføre stor auke i trafikken i tillegg til den trafikken ein allereie har i området i samband med mellom anna Midsund bruk. På reguleringsplanen er det teikna inn ein gangveg på nordsida av vegen. Det er viktig at denne gangvegen blir prioritert for å legge godt til rette for trygg ferdsel for gåande og syklande i området. Aktiviteten i området er stort i samband med skule, aktivitetar på Midsund stadion, idrettshallen, biblioteket m.m. Det er og viktig å legge til rette for trygg ferdsel for barna i den nye barnehagen når dei skal på tur i nærområdet. Spesielt er det viktig å byggje gangvegen inne på Barnehagetomta samtidig med Barnehageutbygginga slik at ein får ei fin avslutting mot Industrivegen. Kostnaden for gangvegen forbi Barnehagen er ikkje medteke i Barnehageprosjektet og kostnadane må løyvast særskilt.

Vatn, avløp og overvatn

Vatn og avløp er tilrettelagt på tomta.

Overvatn er det ikkje tilrettelagt på tomta. Her må det leggjast nye rør til sjøen.

Det er to aktuelle løysingar som ikkje er diskutert med grunneigarane:

- Ned langs Industrivegen som endar utanfor moloen til Breivika småbåthamn. Denne løysinga kan brukast for evt. nærliggjande tomter.
- Frå barnehagen og ut Selvika i grensa mellom eigedomen til Midsund Bruk AS og Oddmar Raknes. Denne løysinga blir berre til bruk for Barnehagen.

Det kjem overvassrør frå Midsund stadion ned på tomta. Dette vatnet må gå saman med overvatnet frå barnehagen.

Ein del av kostnaden på røyra kan takast frå avløpsbudsjettet. Estimert kostnad kr. 300.000 – 500.000 alt etter kor mykje fjell det er i trasen og kva alternativ som blir valt.

Etter ferien kjem eiga sak vedk. overvatn og evt. gangveg.

Namn på barnehagen:

Aktuelle namn:

Langneset -	Området bygget skal stå på
Torveneset -	Område der Midsund Bruk står.
Selvika -	Bukta nord for barnehagen
Breivika -	Bukt sør for barnehagen
Gjerdet -	Namn på garden bygget skal stå på.
Kolbeingjerdet -	Namn ”på folkemunne” på området

Referansegruppa ved Birgitta Hole har kome med forslag om ”Breivik barnehage” eller ”Gjerdet barnehage.” Ønska namn frå referansegruppe er ”Gjerdet barnehage”, alternativt ”Kolbeingjerdet barnehage”. Grunngevinga er at Gjerdet/Kolbeingjerdet er dei mest brukte namna i området. Gardsnamnet er Gjerdet.

Rådmannen foreslår at den nye barnehagen bør heite ”Gjerdet barnehage”

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Driftskostnadar (teknisk)

Driftskostnadar (2010 tal, til teknisk) pr. år blir kr. 920.000 netto. Dette tilsvarar ei auke på kr. 274.000 pr.år netto.

Driftsutgifter	
Ny barnehage	kr 920 000
Raknes barnehage	kr 336 000
Bygdheim	kr 310 000
Differanse	kr 274 000

Driftskostnader for barnehagen vil ha noko meir personalutgifter enn dagens barnehage på Raknes barnehage då det i den nye barnehagen ei ekstra avdeling. Dette vil måtte kome som eiga orientering seinare.

Geir Göncz
Rådmann

Inge Rakvåg og Stian Løken

Vedlegg (prenta):

- o Sammenstilling forprosjekt datert mai – sendt ut saman med innkalling til Formannskapet, ligg og ute på heimesida vår
- o Forprosjekt – sendt ut saman med innkalling til Formannskapet, ligg og ute på heimesida vår
- o Høyringsuttalar x 7
- o Romskjema

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Referansegruppe v/Birgitta Hole
Samarbeidsutvalet Raknes barnehage
Samarbeidsutvalet Midsund barnehage
Samarbeidsutvalet Nord-Heggdal barnehage



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2010/254-1
Arkiv:
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 01.06.2010

Saksframlegg

Val av alternativ for planlegging av Midsund skule i det vidare arbeidet med forprosjektet

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/30	Formannskapet	08.06.2010
10/30	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre vedtek rådmannens forslag i samsvar med konklusjonen nedanfor, som det alternativet ein skal arbeide vidare med i forprosjektet.

Behandling i Formannskapet - 08.06.2010

Arnold Askeland frå Hammerø & Storvik Prosjekter AS orienterte om dei forskjellige alternativa i saka.

Rådgjevar oppvekst, Stian Løken orienterte kort om elevtala.

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 08.06.2010

Midsund kommunestyre vedtek rådmannens forslag i samsvar med konklusjonen nedanfor, som det alternativet ein skal arbeide vidare med i forprosjektet.

Saksutgreiing:

Midsund kommunestyre vedtok i budsjett for 2009 å byggje ut Midsund skule til å bli fellesskule for elevane i Midsund. Bestillinga var ein skule med fleksibilitet, framtidsretta og funksjonell, samt med nytt bibliotek og vaksenopplæringa skulle inn i bygget til ein budsjettkostnad på kr. 50.000.000.

Prosess.

Oppstartsmøtet var i februar 2009, med eit fellesmøte der alle impliserte blei orientert om oppstart av prosjektet. I etterkant vart det arbeida med romprogram, anbod og val av prosjekterande.

Romprogram.

Det er utarbeida romprogram (eit "levande" oppsett) der ein har lagt til grunn:

Klasseromma skal vere 2,75 m² pr. elev.

Store klasserom er dimensjonert for maksimalt 35 elevar, mellomstore klasserom for 28 elevar, og små klasserom for 18 elevar. Arbeidsplassane for lærarane skal vere 6m² pr. lærar.

Brukarmedverking

Rektor ved Midsund skule er leiar i "Referansegruppa for felles skule"

(Sjå Alternativsutredning punkt 02 side 5)

Referansegruppa har hatt sine egne møter, samt fellesmøte med prosjektgruppa.

Lærarkollegiet på begge skulane har hatt sine møter.

Når arkitekt var på plass har ein arbeida med eit tilbygg på 2 etasjar (alternativ 1 i Alternativsutredninga) nord for eksisterande fløyer. Skulen blei delte inn i 4 forskjellige område småskulen i 1 etasje austfløya, mellomtrinnet fekk 1. etasje vestfløya, ungdomsskulen fekk 2. etasje vestfløya

og arbeidsplassane for lærarane i 2 etasje austfløya.

Utfordringa var å få plassert inn bibliotek og vaksenopplæringa med sine behov for plassering i bygget. Til slutt blei vaksenopplæringa plassert i spesialromsfløya mot Midsundhallen.

Foreslått arealdisponering medførte at ein måtte flytte spesialromma til dagens mellomtrinn, og desse vala krevde meir ombygging av eksisterande areal enn tenkt tidlegare.

Totalt sett blei kostnaden på skulen mykje større enn bestillinga frå kommunestyret.

I sær møte i Styringsgruppa den 13.04.10 blei det bestemt at planlegginga av Midsund skule skulle ta ei "time -out" for å sjå på alternativ, der det var fokusert på kostnad og "godt bygg".

Det blei bestemt at ein skulle sjå på 3 alternativ:

1. *Løsning som foreligger fra Streken AS. Det er ønskelig å vurdere hvilke konsekvenser det har om man tar ut vaksenopplæringen fra planløsning.*
2. *Løsning hvor man river øst- og/eller vestfløy og bygger nybygg med utgangspunkt i løsning for foreligger fra Streken AS (med nødvendige tilpasninger og effektivisering av areal). Også her er det ønskelig å se på løsning med og uten vaksenopplæring. Et nybygg kan også plasseres uavhengig av eksisterende bygg.*

3. *Løsning hvor man tar utgangspunkt i minimumskrav i romprogram og vurderer en løsning som skal tilfredsstillende økonomisk ramme i størst mulig grad. Hva får man for den økonomiske rammen og er dette tilstrekkelig for å tilfredsstillende kravene satt i romprogram (alternativt minimum ramme for en minimumsløsning)*

Vurdering:

Hammerø & Storvik Prosjekter AS saman med Streken AS har laga ei "Alternativsvurdering" datert 1.juni 2010.

Vurdering av alternativa:

Alternativ 1. (Sjå alt 1 i "Alternativsvurdering")

Alternativ 1, kostnad kr 124.000.000,-, er totalt sett for kostbart, og er ikkje vurdert i det vidare. Arealauke på 3.050 m².

Alternativ 2. (Sjå alt 2 i "Alternativsvurdering")

Alternativ 2, kostnad kr 82.500.000,-, som er ein kombinasjon mellom riving, ombygging og nybygg.

Denne løysinga inneber riving av deler av eksisterande bygg.

Tilbygget er på 3 etasjar på tot 2.600 m². Arealauka blir då 2.600 m² – riving av aust – fløya på 500 m² gjev ei auke på 2.100 m².

Vi som arbeider og brukar bygget "synest" at levetida på eksisterande byggmasse kan utnyttast lenger med ei viss oppgradering.

Alternativ 3. (Sjå alt 3 i "Alternativsvurdering")

Alternativ 3, kostnad kr 64.000.000,-. Løysing med å behalde eks. bygningsmasse og tilbygg på 1.800m².

Konklusjon

Rådmannen foreslår ei to fasa planlegging/utbygging som grunnlag i forprosjektet:

Fase I : nybygg på 2.100 m² med vedlikehald av eksisterande byggmasse.

Fase II : ved seinare behov for meir areal eller at fløyene ikkje blir tenleg for å drive god skule, kan ein evt. rive eksisterande bygg og byggje nytt.

Fase I

Lagt til grunn i det vidare arbeidet med Forprosjektet:

Rådmannen sitt forslag er nesten som i alternativ 3 med å behalde eks. bygningsmasse med ein del vedlikehald og eit komprimert tilbygg på 2.100 m² over 2 etasjar.

Lagt til grunn i vidare planlegging: ny hovudinngang gjennom tidlegare "skulebibliotek", med nytt bibliotek og utan vaksenopplæring.

Det er viktig at ein finn ei løysing/plassering som ikkje låser for framtidig utviding/ombygging av skulen.

Rådmannen tek ikkje stilling til plassering av tilbygget, det bør gjerast i samråd med arkitekt.

Økonomi - budsjett (som i ”Alternativutredning” med 25.000 kr/m2)

Nybygg - 2.100 m2	kr. 52.500.000
<u>Vedlikehald eks. bygg</u>	<u>kr. 15.000.000</u>
<u>Sum inkl. mva</u>	<u>kr. 67.500.000</u>

Rådmannen ber ikkje om å endre budsjettramma i denne omgang. Ramma ovanfor blir styrande i planlegginga vidare. Fastsetjing av ramme kjem saman med godkjenning av forprosjektet i september.

Tabellen under viser fordelar og ulempe av rådmannens forslag:

	Fordelar	Ulemper
Alternativ til rådmannen	<p>Kan dele utbygginga og oppgradering av eksisterande bygg i to fasar.</p> <p>Utnyttar levetida på eksisterande byggmasse.</p> <p>Får samla 1-10 klassetrinn i ein skule med eit felles fagmiljø.</p> <p>Få ei meir effektiv økonomisk- og kvalitativ drift.</p> <p>Målet er å få til ei god og funksjonell løysing innafor arealet.</p> <p>Ein kan bevare inndelinga av uteområde.</p> <p>Eit nybygg kan ”til dels” plasserast uavhengig av eksisterande bygg.</p>	<p>Inngang for dei ulike klassetrinna kan ikkje skiljast som i alternativ 1. Kan bli langt til garderobe. Vanskeleg å få eit bygg med innesko.</p> <p>Ny hovudinngang.</p> <p>Omfanget av ombygginga vil vere avgjørande for totalkostnaden.</p> <p>Avgrensa areal på nybygg vil gjere det vanskelig å samle/skilje dei ulike funksjonane.</p> <p>Arealet må aukast dersom vaksenopplæringa skal inn i skulen.</p> <p>Størst uvisse rundt økonomi og omfang med eksisterande byggmasse.</p>

Fase II

Ved seinare behov for meir areal eller at fløyene ikkje blir tenleg for å drive god skule kan ein evt. rive eksisterande bygg og byggje nytt.

Møte i Styringsgruppa

Tysdag den 01.06.10 var det møte i Styringsgruppa (2 av 3 kunne møte) der dei såg føre seg alternativ 3 (rådmannens forslag) som det beste alternativet å arbeide vidare med i Forprosjektet.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Som vist i konklusjon.

Geir Göncz
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): ”Alternativutredning – Midsund skule” av 1. juni 2010. - sendt ut saman med innkalling til Formannskapet , den er og å finne på heimesida vår

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: teknisk



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2006/78-123
Arkiv: L12
Saksbeh: Geir J. Göncz
Dato: 20.05.2010

Saksframlegg

Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan for sentrum - Jan Ove Langholm og Ann Helen Ukkelberg

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/27	Planutvalet	08.06.2010
10/31	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følgje. Saka vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Behandling i Planutvalet - 08.06.2010

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Planutvalet - 08.06.2010

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følgje. Saka vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Saksutgreiing:

Reguleringsplan for Midsund sentrum vart vedteke av kommunestyret 25.2.2010 i sak 10/10. Vedtak vart kunngjort 18.3.2010. Frist for klage vart satt til 3 veker frå kunngjøring.

Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan vert normalt handsama av planutvalet som, om ein finn å ta klagen til følgje, legg saka fram for kommunestyret med forslag til endring. Om planutvalet ikkje finn å ta klagen til følgje, vert saka send til fylkesmannen som er klageinstans. Rådmannen legg opp til at alle klage i samband med reguleringsplanen vert handsama av kommunestyret.

Klage

Klage frå Jan Ove Langholm og Ann Helen Ukkelberg er vedlagt saken.

Moment i klagen:

- meiner det er saksbehandlingsfeil at dei ikkje har motteke skriftleg informasjon
- bandlegging av eigedom fører til redusert livskvalitet

Vurdering:

Klagen er innkomme innan fristen.

Plan- og bygningsloven legg rammene for medverknad og informasjon om reguleringsplanar. § 27-2 pkt 2 legg til grunn at kunngjering om offentlig ettersyn skal som regel skje i minst 2 aviser som er alminnelig lest på staden. Den skal klårt markere det området forslaget omfattar og skal gje ein rimeleg frist for merknader, som ikkje må settes kortare enn 30 dagar. Loven set ikkje krav om å tilskreive alle grunneigarar i eit planområde, men legg vekt på at det vert gitt godt høve til å kome med merknader. Reguleringsplanen har i så måte vore igjennom to høyringsrundar, med dertil høyrande annonsering og kunngjering i aviser. Det har vore stor merksemd omkring utarbeidinga av reguleringsplana for sentrum. Mellom anna har det vore gjennomført fleire folkemøte gjennom planprosessen og saka har vore omtala jevnleg av Øyavis og Romsdals Budstikke.

Plan- og bygningsloven § 32 omtalar erstatning/innløyising ved reguleringsplan. Når ein reguleringsplan er vedteke, er det alminnelege utgangspunktet at grunneigar og rettigheitavar ikkje har krav på kompensasjon for restriksjonar som reguleringsplanen fører med seg. Grunneigar har ikkje rett på å få erstatta "tapt framtidig fortjeneste". Erstatning vil normalt først vere aktuelt ved eventuell grunderverv for gjennomføring av planen. Etter plan- og bygningslovens § 42 første ledd kan ein grunneigar krevje at ekspropriasjon straks iverksettjast om det føreligg ein plan som fører med seg at det kan eksproprierast etter lovens §35 nr.1 eller §35 nr.6 for så vidt gjeld grunn som er avsett til føremål som nemnt i §25 nr3, 4, 7 og 8, offentlig trafikkområde, friområde, fellesområde og fornyingsområde. Vilråa for å krevje innløyising etter §42 er langt på veg samanfallande med vilråa for erstatning etter §32.

Konklusjon

Det ligg ikkje føre nye moment i klagen som ikkje var kjend for kommunestyret då det vart fatta endeleg vedtak.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Geir J. Göncz
Rådmann

Vedlegg (prenta):

- Klage frå Jan Ove Langholm og Ann Helen Ukkelberg
- Sak 06/40 Val av riksvegtrase gjennom Midsund sentrum

Vedlegg (uprenta):**Særutskrift går til:**

Jan Ove Langholm og Ann Helen Ukkelberg



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2006/78-124
Arkiv: L12
Saksbeh: Geir J. Göncz
Dato: 25.05.2010

Saksframlegg

Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan for sentrum - Anne Setnes og Tormod Sandnes

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/28	Planutvalet	08.06.2010
10/32	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følgje. Saka vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Behandling i Planutvalet - 08.06.2010

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Planutvalet - 08.06.2010

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følgje. Saka vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Saksutgreiing:

Reguleringsplan for Midsund sentrum vart vedteke av kommunestyret 25.2.2010 i sak 10/10. Vedtak vart kunngjort 18.3.2010. Frist for klage vart satt til 3 veker frå kunngjøring.

Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan vert normalt handsama av planutvalet som, om ein finn å ta klagen til følgje, legg saka fram for kommunestyret med forslag til endring. Om planutvalet ikkje finn å ta klagen til følgje, vert saka send til fylkesmannen som er klageinstans. Rådmannen legg opp til at alle klage i samband med reguleringsplanen vert handsama av kommunestyret.

Klage

Klage frå Anne Setnes og Tormod Sandnes er vedlagt saken.

Moment i klagen:

- viser til merknader i samband med 1. og 2. høyringsrunde
- eigedommen bandleggjast, og gjer den ikkje salbar
- etterlyser argument på kvifor riksvegen ikkje kan gå etter ei nedre linje
- meiner det på folkemøte er lova utgreiing av alternativ "nedre linje"
- riksvegen blir lagt i rasfarleg område
- det vert teke for lite omsyn til skriv og kartforslag frå Gamlebygdas venner

Vurdering:

Klagen er innkomme innan fristen.

Plan- og bygningsloven § 32 omtalar erstatning/innløysing ved reguleringsplan. Når ein reguleringsplan er vedteke, er det alminnelege utgangspunktet at grunneigar og rettigheitavar ikkje har krav på kompensasjon for restriksjonar som reguleringsplanen fører med seg. Grunneigar har ikkje rett på å få erstatta "tapt framtidig fortjeneste". Erstatning vil normalt først vere aktuelt ved eventuell grunderverv for gjennomføring av planen. Etter plan- og bygningslovens § 42 første ledd kan ein grunneigar krevje at ekspropriasjon straks iverksettjast om det føreligg ein plan som fører med seg at det kan eksproprierast etter lovens §35 nr.1 eller §35 nr.6 for så vidt gjeld grunn som er avsett til føremål som nemnt i §25 nr.3, 4, 7 og 8, offentleg trafikkområde, friområde, fellesområde og fornyingsområde. Vilråa for å krevje innløysing etter §42 er langt på veg samanfallande med vilråa for erstatning etter §32.

Grunnlaget for og konsekvensvurderingar av kommunestyrets val av riksvegtrase vart gjort i sak 06/40 av 05.10.2006. I saka vert fordelar og ulemper ved begge dei to vegalternativa omtala og vurderingar til grunn for val av trase vert gjort rede for. Ein har i den vidare sakshandsaminga lagt til grunn at innhaldet i denne saka har vore kjend. Saka er i sin heilskap vedlagt, av den grunn at den gjør greie for og dokumenterar grunnlaget for kommunestyret sitt val av vegtrase. Andre offentlege myndigheiter vurderar planen sitt innhald og om formalitetar/krav vert fulgt. Til 1. høyringsutkast hadde Statens vegvesen motsegn planen, med krav om detaljert framstilling på at øvre veglinje lar seg gjennomføre i praksis. Etter å ha framlagt denne dokumentasjonen fråfalt Statens vegvesen si motsegn til planen.

Grunnlaget for regulering av rasfare er basert på uttale frå Møre og Romsdal fylke v. Fylkesgeologen, gitt i brev med tilhøyrande kart, datert 30.10.97. Brev og kart er vedlagt saken.

Av saka går det mellom anna fram at riksveg/fylkes bør nyttast som grense for vidare utbygging. Fylkesgeologen har ikkje motsegn til reguleringa riksvegen/fylkesvegen.

Kommunestyret har vore kjend med Gamlebygdas venner sitt synspunkt og kart gjennom deira uttale til planen i to høyringsrundar. Synspunkta har vore lik gjennom begge høyringane. Midsund kommune har vurdert synspunkta i samband med saksframlegg knytt til 1. og 2. høyringsrunde.

Konklusjon

Det ligg ikkje føre nye moment i klagen som ikkje var kjend for kommunestyret då det vart fatta endeleg vedtak.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Geir J. Göncz
Rådmann

Vedlegg (prenta):

- Klage frå Anne Setnes og Tormod Sandnes
- Sak 06/40 Val av riksvegtrase gjennom Midsund sentrum
- Møre og Romsdal fylke v. fylkesgeologen, datert 30.10.97

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Anne Setnes og Tormod Sandnes



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2006/78-125
Arkiv: L12
Saksbeh: Geir J. Göncz
Dato: 26.05.2010

Saksframlegg

Klage på kommunestyret si godkjenning av reguleringsplan for sentrum - Reidar Misund

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/29	Planutvalet	08.06.2010
10/33	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følgje. Ska vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Behandling i Planutvalet - 08.06.2010

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Planutvalet - 08.06.2010

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følgje. Ska vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Saksutgreiing:

Reguleringsplan for Midsund sentrum vart vedteke av kommunestyret 25.02.2010 i sak 10/10. Vedtak vart kunngjort 18.03.2010. Frist for klage vart satt til 3 veker frå kunngjøring.

Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan vert normalt handsama av planutvalet som, om ein finn å ta klagen til følgje, legg saka fram for kommunestyret med forslag til endring. Om planutvalet ikkje finn å ta klagen til følgje, vert saka send til fylkesmannen som er klageinstans. Rådmannen legg opp til at alle klage i samband med reguleringsplanen vert handsama av kommunestyret.

Klage

Klage frå Reidar Misund er vedlagt saken.

Moment i klagen:

- klagar til riksantikvaren om at Antonbua ikkje er regulert som verneverdig

Vurdering

Klagen er innkomme innan fristen.

Klagar formulerar klagen som ein klage til riksantikvaren, men jf. saksgang om klage på kommunestyret si eigengodkjenning ovanfor, vert klage handsama etter reglane i plan- og bygningsloven og forvaltningsloven.

Kommunestyret er kjend med innhaldet i klagen frå førre høyringsrunde. Til grunn for kommunestyret si vurdering ligg at ein ikkje ser på Antonbua som verneverdig i høve ønske om fornying og utvikling av det aktuelle sentrumsarealet. I sak 08/52, 11.9.2010, om sal av Antonbua går det mellom anna fram:

"Midsund kommune ønsker å selge tomten/Antonbua. I en slik forbindelse ønsker kommunen å påvirke til at det skjer en utvikling av tomten, som gjenspeiler de interesser som kommunen har for utvikling av sentrum i Midsund. I dette ligger det at en ønsker oppføring av bygninger som kan gjenspeile en "sjøbud-stil" og der disse inneholder tilbud innen privat servicenæring, bolig/leiligheter, kontorlokaler, m.v. som kan være med å utvikle og gi sentrum et særpreg og tilbud, og som kan gjøre Midsund attraktivt som bu- og besøkssted".

"I forbindelse med forslaget til reguleringsplan som er fremmet, er det skissert mulighet for at bygningene på tomten blir revet. Interesserte utbyggere har også gitt uttrykk for at dette er eneste mulighet for å få en regningssvarende utnyttelse av tomten. Dette begrunnes også i at nåværende bygninger ligger lavt i forhold til flomål, og vanskeliggjør utnyttelse. Tilstanden på bygningene gjør at det vil være svært kostbart å få gjenbruk viss en tar kostnadene ved å heve bygningen. Plassering av nåværende bygning gjør også en bedre utnyttelse av området vanskelig, i en sammenheng der en ønsker å fylle ut mer av området framover i sjøen."

I uttale frå fylkeskulturmyndigheitene til mellom anna 2. høyringsutkast går det fram at ein ikkje har krav om vernestatus på Antonbua, og at ein då ikkje har motsegn til at området vert regulert til utbyggingsføre mål.

Konklusjon

Det ligg ikkje føre nye moment i klagen som ikkje var kjend for kommunestyret då det vart fatta endeleg vedtak.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Geir J. Göncz
Rådmann

Vedlegg (prenta):

- Klage frå Reidar Misund

Vedlegg (uprenta):**Særutskrift går til:**

Reidar Misund



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2006/78-126
Arkiv: L12
Saksbeh: Geir J. Göncz
Dato: 26.05.2010

Saksframlegg

**Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan for sentrum -
Gamlebygdas venner**

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/30	Planutvalet	08.06.2010
10/34	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følgje. Saka vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Behandling i Planutvalet - 08.06.2010

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Planutvalet - 08.06.2010

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følgje. Saka vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Saksutgreiing:

Reguleringsplan for Midsund sentrum vart vedteke av kommunestyret 25.02.2010 i sak 10/10. Vedtak vart kunngjort 18.3.2010. Frist for klage vart satt til 3 veker frå kunngjøring.

Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan vert normalt handsama av planutvalet som, om ein finn å ta klagen til følgje, legg saka fram for kommunestyret med forslag til endring. Om planutvalet ikkje finn å ta klagen til følgje, vert saka send til fylkesmannen som er klageinstans. Rådmannen legg opp til at alle klage i samband med reguleringsplanen vert handsama av kommunestyret.

Klage

Klage frå Gamlebygdas venner er vedlagt saken.

Moment i klagen:

- Meiner det er store manglar i utgreiings- og planarbeidet og vil ha dette belyst av fylkesmannen

Vurdering:

Klagen er innkomme innan fristen.

Grunnlaget for og konsekvensvurderingar av kommunestyrets val av riksvegtrase vart gjort i sak 06/40 av 05.10.2006. I saka vert fordelar og ulemper ved begge dei to vegalternativa omtala og vurderingar til grunn for val av trase vert gjort rede for. Ein har i den vidare sakshandsaminga lagt til grunn at innhaldet i denne saka har vore kjend. Saka er i sin heilskap vedlagt, av den grunn at den gjør greie for og dokumenterar grunnlaget for kommunestyret sitt val av vegtrase. Andre offentlege myndigheiter vurderar planen sitt innhald og om formalitetar/krav vert fulgt. Til 1. høyringsutkast hadde Statens vegvesen motsegn planen, med krav om detaljert framstilling på at øvre veglinje lar seg gjennomføre i praksis. Etter å ha framlagt denne dokumentasjonen fråfalt Statens vegvesen si motsegn til planen.

Grunnlaget for regulering av rasfare er basert på uttale frå Møre og Romsdal fylke v. Fylkesgeologen, gitt i brev med tilhøyrande kart, datert 30.10.97. Brev og kart er vedlagt saken. Av saka går det mellom anna fram at riksveg/fylkes bør nyttast som grense for vidare utbygging. Fylkesgeologen har ikkje motsegn til reguleringa riksvegen/fylkesvegen.

Kommunestyret har vore kjend med Gamlebygdas venner sitt synspunkt og kart gjennom deira uttale til planen i to høyringsrundar. Synspunkta har vore lik gjennom begge høyringane. Midsund kommune har vurdert synspunkta i samband med saksframlegg knytt til 1. og 2. høyringsrunde.

Konklusjon

Det ligg ikkje føre nye moment i klagen som ikkje var kjend for kommunestyret då det vart fatta endeleg vedtak.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Geir J. Göncz
Rådmann

Vedlegg (prenta):

- Klage frå Gamlebygdas venner
- Sak 06/40 Val av riksvegtrase gjennom Midsund sentrum
- Møre og Romsdal fylke v. Fylkesgeologen, datert 30.10.97

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:
Gamlebygdas venner



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2006/78-127
Arkiv: L12
Saksbeh: Geir J. Göncz
Dato: 26.05.2010

Saksframlegg

**Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan for sentrum -
Amalie Misund m.fl**

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/31	Planutvalet	08.06.2010
10/35	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følgje. Saka vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Behandling i Planutvalet - 08.06.2010

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Planutvalet - 08.06.2010

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følgje. Saka vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Saksutgreiing:

Reguleringsplan for Midsund sentrum vart vedteke av kommunestyret 25.02.2010 i sak 10/10. Vedtak vart kunngjort 18.03.10. Frist for klage vart satt til 3 veker frå kunngjøring.

Klage på kommunestyret si eigengodkjenning vert normalt handsama av planutvalet som, om ein finn å ta klagen til følgje, legg saka fram for kommunestyret med forslag til endring. Om planutvalet ikkje finn å ta klagen til følgje, vert saka send til fylkesmannen som er klageinstans. Rådmannen legg opp til at alle klage i samband med reguleringsplanen vert handsama av kommunestyret.

Klage

Klage frå Amalie Misund m.fl er vedlagt saken.

Moment i klagen:

- Tidlegare krav om dokumentasjon er ikkje imøtekomme
- Tidlegare krav om likebehandling i høve rasfare er ikkje imøtekomme
- Krev at det vert lagt fram geoteknisk rapport som grunnlag for klassifisering av rasfare
- Har ikkje vore trekt inn i arbeid med regulering utanom invitasjon til folkemøte og som høyringsinstans
- Ingen tidlegare merknader er teke til følgje

Vurdering:

Klagen er innkomme innan fristen.

Grunnlaget for og konsekvensvurderingar av kommunestyrets val av riksvegtrase vart gjort i sak 06/40 av 05.10.2006. I saka vert fordelar og ulemper ved begge dei to vegalternativa omtala og konsekvensar og vurderingar til grunn for val av trase vert gjort rede for. Ein har i den vidare sakshandsaminga lagt til grunn at innhaldet i denne saka har vore kjend. Saka er i sin heilskap vedlagt, av den grunn at den gjør greie for og dokumenterar grunnlaget for kommunestyret sitt val av vegtrase.

Andre offentlege myndigheiter vurderar planen sitt innhald og om formalitetar/krav vert fulgt. Til 1. høyringsutkast hadde Statens vegvesen motsegn til planen, med krav om detaljert framstilling på at øvre veglinje lar seg gjennomføre i praksis. Etter å ha framlagt denne dokumentasjonen fråfalt Statens vegvesen si motsegn til planen.

Klagar syner til at tidlegare merknader ikkje er teke til følgje. I sak knytt til vurdering av merknader etter første høyringsrunde og i sak om eigengodkjenning av reguleringsplan for Midsund sentrum, er det grunngeve kva for vurderingar kommunestyret har lagt til grunn for vurdering av dei innkomne merknader. Det er ikkje i klagen innkomen nye moment på tidlegare merknader.

Grunnlaget for regulering av rasfare er basert på uttale frå Møre og Romsdal fylke v. Fylkesgeologen, gitt i brev med tilhøyrande kart, datert 30.10.97. Brev og kart er vedlagt saken. Av saka går det mellom anna fram at riksveg/fylkesbør nyttast som grense for vidare utbygging. Fylkesgeologen har ikkje motsegn til reguleringa riksvegen/fylkesvegen eller til klassifiseringa av rasfare.

Plan- og bygningsloven legg rammene for medverknad og informasjon om reguleringsplanar. § 27-2 pkt 2 legg til grunn at kunngjering om offentlig ettersyn skal som regel skje i minst 2 aviser som er alminnelig lest på staden. Den skal klårt markere det området forslaget omfattar og skal gje ein rimeleg frist for merknader, som ikkje må settes kortare enn 30 dagar. Loven set ikkje krav om å tilskreive alle grunneigarar i eit planområde, men legg vekt på at det vert gitt godt høve til å kome med merknader. Reguleringsplanen har i så måte vore igjennom to høyringsrundar, med dertil høyrande annonsering og kunngjering i aviser. Det har vore stor merksemd omkring utarbeidinga av reguleringsplana for sentrum. Mellom anna har det vore gjennomført fleire folkemøte gjennom planprosessen og saka har vore omtala jevnleg av Øyavis og Romsdals Budstikke.

Konklusjon

Det ligg ikkje føre nye moment i klagen som ikkje var kjend for kommunestyret då det vart fatta endeleg vedtak.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Geir J. Göncz
Rådmann

Vedlegg (prenta):

- Klage frå Amalie Misund, Ole Arve Misund, Knut Ove Misund, Anne Kristine Misund, Johan Inge Misund
- Sak 06/40 Val av riksvegtrase gjennom Midsund sentrum
- Møre og Romsdal fylke v. Fylkesgeologen, datert 30.10.97

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Klage frå Amalie Misund, Ole Arve Misund, Knut Ove Misund, Anne Kristine Misund, Johan Inge Misund



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2006/78-128
Arkiv: L12
Saksbeh: Geir J. Göncz
Dato: 26.05.2010

Saksframlegg

Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan for sentrum - Arve Misund

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/32	Planutvalet	08.06.2010
10/36	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følgje. Saka vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Behandling i Planutvalet - 08.06.2010

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Planutvalet - 08.06.2010

1. Kommunestyret kan ikkje sjå at det i klagen er kome nye opplysningar som skulle gjere at vedtaket bør omgjerast.
2. Kommunestyret tar ikkje klagen til følgje. Saka vert send fylkesmannen til endeleg avgjersle.

Saksutgreiing:

Reguleringsplan for Midsund sentrum vart vedteke av kommunestyret 25.02.2010 i sak 10/10. Vedtak vart kunngjort 18.03.10. Frist for klage vart satt til 3 veker frå kunngjøring.

Klage på kommunestyret si eigengodkjenning av reguleringsplan vert normalt handsama av planutvalet som, om ein finn å ta klagen til følgje, legg saka fram for kommunestyret med forslag til endring. Om planutvalet ikkje finn å ta klagen til følgje, vert saka send til fylkesmannen som er klageinstans. Rådmannen legg opp til at alle klage i samband med reguleringsplanen vert handsama av kommunestyret.

Klage

Klage frå Arve Misund er vedlagt saken.

Moment i klagen:

- klagar på at eigedom gnr 48 bnr 3 "Strømsneset" har fått status verneverdig
- meiner same argumentasjon bør føljust for sjøbua på "Stømsneset" som for "Antonbua"

Vurdering:

Klagen er innkommen innan fristen.

Innhaldet i klagen er lik med merknader i samband med 2. høyringsrunde. I sakshandsaminga har det vore lagt vekt på tilbakemelding frå fylkeskulturmyndigheitene om vernestatus for "Strømsneset". Den same myndigheit vurderar "Antonbua" og "Strømsneset" ulikt. Dette er også Midsund kommune si vurdering, grunngjeve mellom anna i sak 08/52, 11.9.2008.

I arbeidet med reguleringsplana er det lagt opp til ei større omregulering av området ved "Strømsneset" for å legge til rette for utvikling av reiselivsrelatert næringsaktivitet. Området er vist som utbyggingsområde, med muligheiter for mellom anna bygningar og båthamn. Eit utgangspunkt for ei slik mogleg utvikling er dei historiske bygningane. Bygningane er i seg sjølve i god stand og framstår saman som ein viktig del av Midsund si historie. Innafor dagens vernestatus er det starta opp eit godt arbeid med standsetting av den eldste delen. Innafor ein vernestatus finns det moglegheiter for utbygging av bygg. For virkemidler, støtteordningar og lov- og regelverk vert vist til fylkeskulturmyndigheitene.

Konklusjon

Det ligg ikkje føre nye moment i klagen som ikkje var kjend for kommunestyret då det vart fatta endeleg vedtak.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Geir J. Göncz
Rådmann

Vedlegg (prenta):
- klage frå Arve Misund

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:
Arve Misund



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2010/238-1
Arkiv: Q14
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 26.05.2010

Saksframlegg

Asfaltering 2010 - prioritering

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/33	Formannskapet	08.06.2010
10/37	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

Midsund kommune prioriterer å ruste opp og asfaltere Kapellvegen med P-plass og del av Skjærvevegen (ca 250 m) innafor ei ramme på kr. 500.000

Behandling i Formannskapet - 08.06.2010

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 08.06.2010

Midsund kommune prioriterer å ruste opp og asfaltere Kapellvegen med P-plass og del av Skjærvevegen (ca 250 m) innafor ei ramme på kr. 500.000

Saksutgreiing:

Midsund kommune har sett av kr. 500.000 til asfaltering i 2010.

Vedtak i 2009 i Kommunestyret - 20.05.2009 sak 09/37

1. Midsund kommune prioriterer desse vegane for asfaltering 2009.
 1. Tangenvegen - opprusting og asfaltering - 600 m, kr. 536.000
 2. Sønnevegen - nyasfaltering - 320 m, kr. 175.000
 3. Strømsnesvegen - nyasfaltering etter oppgraving i 2003/04 - 140 m kr. 67.000 - det bør vurderast om det kan dekkjast av vatn/avløp rekneskapet.

Sum totalt blir kr. 778.000,-

2. Midsund kommune dekkjer 50 % av asfalteringskostnadane på desse vegane (vilkåreleg rekkjefølge):

Gangstadbustadfelt, Krabbeviknesetbustadfelt, Sør Heggdal bustadfelt (Tiriltoppen) og Reiten/Jenset bustadfelt.

Vilkåret er at resterande kostnad blir dekt av tomteeigarane. Det vert sett av ei ramme på kr.222.000,- til føremålet.

Vurdering:

Vedtaket i K - sak 09/37 punkt 2. ønskja kommunestyret å gå i eit spleiselag med tomteeigarane for å asfaltere vegane inne i byggjefelta. Teknisk tok kontakt med dei 4 velforeiningane. Det kom inn eit ønskje frå Gangstadfeltet å delta i eit spleiselag. Formannskapet som største tomteeigar ønskja ikkje å gå vidare med asfaltering i Gangstadfeltet.

På denne bakgrunn ser ikkje teknisk noko grunn til å arbeide med asfaltering i byggjefelta i 2010.

Det er spesielt to vegar som bør prioriterast i 2010 for å få ned vedlikehaldskostnadane.

Kapellvegen og Skjærvegegen (del av gamal riksveg) på Søre Midøy.

Kapellvegen

Vegen ned til gravplassen på Søre Midøy er ca. 150 m lang og ca 500 m² med P – plass, med litt asfalt næraste riksvegen. I vinter kollapsa denne vegen, molda kom opp gjennom grusen. Pris for å utbetre vegen , grøfting og P- plass samt asfaltering ca kr. 200.000.

Skjærvegegen ved Ågnegarden)

Dette er ein grusveg på 1200 som vi ønskjer å ruste opp med grøfter og grus, samt asfaltering. Kvart år får vi melding frå Fjord 1 om at standarden er så dårleg at bussane heller vil kjøre nyvegen. Det gjenstår ca 250 m å ruste opp til grusvegstandard. Denne vegstrekinga ønskjer teknisk å prioritere i år.

Pris for å utbetre vegen og asfaltering ca kr. 300.000.

På investeringsbudsjettet er det berre lov å bokføre nyasfaltering. Det kan dessutan takast med reasfaltering dersom det er større utviding- og/eller opprustingstiltak samtidig.

Tek derfor grusvegar som treng akutt vedlikehald.

Begge vegstrakningane manglar grøfter og profil på vegen som held vekk vatnet frå vegbana. Tek ikkje med andre vegstrekningar i saksutgreiinga sidan dette er viktig å få utført i 2010, for å spare vedlikehaldsbudsjettet.

Konklusjon

Rådmannen ønskjer å prioritere Kapellvegen og del av Skjærvevegen
Innafor ei ramme på kr. 500.000

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Kan prioritere andre vegar seinare for å få ein høgare vegstandard.

Geir Goncz
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Ingen

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: teknisk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2010/239-1

Arkiv:

Saksbeh: Inge Rakvåg

Dato: 26.05.2010

Saksframlegg

Budsjettregulering investeringsbudsjettet ansvar 4700 Kommunale vegar - 2010

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/32	Formannskapet	08.06.2010
10/38	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

Midsund kommune vedtek å budsjettregulære investeringsbudsjettet for ansvar 4700 kommunale vegar i samsvar med oppsettet nedanfor.

Behandling i Formannskapet - 08.06.2010

Magne Reiten (SP) stilte spørsmål om vegen bak senteret.

Det var semje om at i eit møte med eigarane i senterområdet måtte det setjast ein avtale om delt ansvar på drift og vedlikehald etter opprustinga. Følgjande fellesforslag vart fremma:

Midsund kommune vedtek å regulere investeringsbudsjettet for ansvar 4700 kommunale vegar i samsvar med oppsettet nedanfor.

Det er eit vilkår for opprusting av vegen bak senteret at eigarane tek over drift- og vedlikehald av veg- og parkeringsareal.

Fellesforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 08.06.2010

Midsund kommune vedtek å regulere investeringsbudsjettet for ansvar 4700 kommunale vegar i samsvar med oppsettet nedanfor.

Det er eit vilkår for opprusting av vegen bak senteret at eigarane tek over drift- og vedlikehald av veg- og parkeringsareal.

Saksutgreiing:

Budsjettregulering av Ansvar 4700 Kommunale vegar - prosjekt 64 ,75 og 76.

Vurdering:

Opprusting av veg bak Senteret

Har prøvd å kalkulere opprustinga av drengrofter, mur, veg samt asfaltering.

Ser at heile røropplegget, kummar og mur må leggjast på nytt.

Ser ut til at investeringa må aukast med kr. 240.000 til kr. 600.000.

Senteret har signalisert at dei ønskjer opparbeiding av meir P – plassar på baksida.

Det er ikkje komme noko skriv om dette.

Trafikktrygging

Redusere investeringa med kr 300.000 til kr. 0 for å bruke pengane på andre prosjekt.

I 2009 blei ikkje pengane brukt, pga. kapasitet på teknisk. Neste prosjektet som står på Trafikktryggingssplana er: Skiltplan, veglys sjøslettevegen, veglys Gangstadfeltet, planleggje gangveg Aksla – Rakvåg.

Midsund sentrum

Redusere investeringa med kr 750.000 til kr.250.00 for å bruke pengane på andre prosjekt.

Ny overvassgrøft på Sjøvikvegen

Ved større nedbørsmengder greir ikkje grøftene og overvassledninga å ta imot vatnet som kjem.

Grøftene går over sine bredder og renn ned over vegen og inn i fryseriet til Ocean Products AS i Sjøvika. Dette har no hendt fleire gonger. Det blir så mykje vatn inne på golvet at pallane frys fast i golvet. Vatnet går også ned mot Sjøvik AS og skaper problem.

Løysinga vi ser er å etablere ei ny overvassrøyr direkte til Sjøen.

Det er gjort avtale med grunneigarane for ny trase.

Fjellsikring av Sjøsllettevegen

Fjellskjeringa på Sjøsllettevegen er så sundsprekka at steinar dett ned på vegen. Formannskapet blei orientert på møte den 27 april i år. Svaret var at dette måtte vi sette i gang.

Har henta inn tilbod frå to spesialentreprenørar , Mesta og Trollteam .

Har valt at Mesta skal utføre sikringa av fjellskjering til ein makspris på kr. 460.000.

Oppstart snarast.

Generelt.

Ein del av prosjekta er vanskeleg å kalkulere så ein kan rekne med eit visst avvik i rekneskapet.

Budsjettregulering.

Investeringsbudsjettet 2010

			Budsjett	Endring	Budsjett
			2010		2010 justert
Ansvar	Prosjekt	4700 Kommunale vegar			
4700	64	2010 Opprusting av veg bak Senteret	360 000	240 000	600 000
	75	09/07 Trafikktrygging	300 000	-300 000	0
	76	09/08 Midsund sentrum	1 000 000	-750 000	250 000
	xx	Ny overvassgrøft Sjøvikvegen	0	350 000	350 000
	xx	<u>Fjellsikring av Sjøsllettevegen</u>	0	460 000	460 000
		Sum	1 660 000	0	1 660 000

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Som vist i tabell

Geir Göncz
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Ingen

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Økonomi og teknisk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/601-6
Arkiv: 231
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 19.05.2010

Saksframlegg

Gebyrregulativ for byggesaksbehandling 2010 gjeldande frå 01.07.10

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/34	Formannskapet	08.06.2010
10/39	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

1. Med heimel i Plan- og bygningslov § 33-1, godkjenner Midsund kommunestyre gebyrregulativet for byggesaksbehandling m.v. 2010 jfr. vedlagt forslag datert 25.05.10
2. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.07.10

Behandling i Formannskapet - 08.06.2010

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 08.06.2010

1. Med heimel i Plan- og bygningslov § 33-1, godkjenner Midsund kommunestyre gebyrregulativet for byggesaksbehandling m.v. 2010 jfr. vedlagt forslag datert 25.05.10
2. Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.07.10

Saksutgreiing:

Ny byggesaksdel av plan- og bygningsloven vil tre i kraft 01.07.10. Frå same dato vert dagens heimel oppheva for fastsetting av forskrift om gebyr (regulativ) i plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77 § 109. Dette inneberer at alle gebyr som er vedtatt med heimel i pbl § 109, må behandlast med ny heimel.

Gebyrregulativet for byggesaksbehandling ble sist endra av Kommunestyret 17.12.09, sak 09/91. Oppdatert gebyrregulativ må føreligge med ikraftsetting 01.07.10 dersom kommunen skal kunne ta gebyr for behandlinga av saker som kjem inn eller oppstått etter denne datoen, jf. overgangsbestemmelsene i ny lovs § 34-4.

Det framlagde forslaget til gebyrregulativ tar opp i seg de endringar kva vedkjem hjemmelshenvisninger som vert gjort gjeldande i den nye bygningsdelen.

Plan- og bygningslovens presiseringar om kommunens tilsynsplikt og oppfølging av ulovlige bygg og anlegg er også tatt inn i regulativet. Endringane er dessutan vist med rød tekst i vedlagte forslag.

Vurdering:

Legg fram endringa av paragraf etter ny plan- og bygningslov frå 01.07.10.

Det er ikkje gjort endring i satsane, bortsett frå satsar som ikkje var i regulativet frå før.

Ein må rekne med ei viss omlegging i gebyra frå 2011.

Korleis Midsund kommune skal praktisere og ha kapasitet til å gjennomføre tilsyne etter lova er ikkje klarlagt endå.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Det er ikkje her lagt opp til justering av tidligare vedtatt gebyrsatsar for 2010.

Geir Göncz
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Gebyrregulativ 2010, gjeldande frå 01.07.10

Vedlegg (uprenta):Mappe

Særutskrift går til: Teknisk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2010/158-4
Arkiv: M00
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 26.05.2010

Saksframlegg

Godkjenning av søknad om utslippsløyve frå Vågsmyrane hyttefelt i Rakvågen

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/36	Formannskapet	08.06.2010
10/40	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

Midsund kommunestyre gjev utslippsløyve frå Vågsmyrane hyttefelt til Rakvågen etter § 13-5 i forurensingsforskrifta, søknad datert 14.04.10

Behandling i Formannskapet - 08.06.2010

Teknisk sjef, Inge Rakvåg la fram punkt 2. i forslag til vedtak:

2. *Søklar plikter å oppfylle vilkåra vedteke av Møre og Romsdal Havn IKS av 1.06.10.*

Forslag til vedtak med punkt 2. blei samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 08.06.2010

1. Midsund kommunestyre gjev utslippsløyve frå Vågsmyrane hyttefelt i Rakvågen etter § 13-5 i forurensingsforskrifta, søknad datert 14.04.10
2. Søklar plikter å oppfylle vilkåra vedteke av Møre og Romsdal Havn IKS av 1.06.10.

Saksutgreiing:

Opstad Maskin AS har på vegne av Vågsmyrane hyttefelt søkt om utslippsløyve for avløpsvatn.

Utslippssøknaden av 14.04.10 blei lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 22.04.10 - 20.05.10. Høringa vart også sendt til Molde og Romsdal Havn IKS.

Utsleppet er fordelt på 3 utslepp, med ein Pe - belastning på 240, 10 og 240 og endar på 20 m dybde i Rakvågen. Avløpsvatnet skal behandlast i slamavskillar.

Vurdering:

Etter kapittel 13 i ” Forskrift om begrensing av forurensing” (forurensingsforskrifta) er det kommunestyre som skal gje løyve.

Merknad frå Molde og Romsdal Havn IKS blir lagt fram på møte.

Ingen andre merknadar.

Midsund kommunestyre gjev utslippsløyve frå Vågsmyrane hyttefelt etter § 13-5 i forurensingsforskrifta, etter søknad datert 14.04.10

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Geir Göncz
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Søknad frå Opstad Maskin AS datert 14.04.10

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Opstad Maskin AS, teknisk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/497-5
Arkiv: 50/183-50/215
Saksbeh: Sindre Sæter
Dato: 25.05.2010

Saksframlegg

Søknad om fråfall av forkjøpsrett til gnr. 50 bnr. 215

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/37	Formannskapet	08.06.2010
10/41	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

Midsund kommune seier frå seg forkjøpsretten til gnr. 50 bnr. 215, omtala i punkt 4 i underskriven avtale mellom Midsund kommune og Opstad Maskin AS den 18.03.2005.

Forkjøpsretten vert permanent fråfelt for heile eigedomen.

Saksutgreiing:

I brev datert 29. april 2010 ber Opstad Maskin AS om at Midsund kommune seier frå seg forkjøpsretten som er omtala i punkt 4 i underskriven avtale mellom partane den 18.03.2005.

Opstad Maskin AS opplyser om at det er fleire aktørar som er interessert i å kjøpe ferdig opparbeida næringsareal på grunneigedomen gnr. 50 bnr. 215, for å etablere industriverksemd.

I vedtak i kommunestyret den 15.10.2009 vart forkjøpsretten fråfalt for å overføre eigedomen til eit anna selskap i eigargruppa. Eigedomen står framleis med Opstad Maskin AS som heimelshavar.

Vurdering:

Midsund kommune inngjekk avtale om forkjøpsrett i 2005 for å sikre seg aktivitet på området. Ein vurderer no at næringsverksemda på tomta er veletablert. Midsund kommune eig også fleire titals dekar likande areal i Stormyra.

Det vil vere meir aktuelt å sikre seg forkjøpsrett på næringsareal ved sjøen. Det er begrensa tilgang på regulerte næringsstomter langs sjøen, og desse framstår som mest attraktive for etablering av ny verksemd i Midsund kommune. Rådmannen rår difor til at Midsund kommune seier frå seg forkjøpsretten på gnr. 50 bnr. 215.

Behandling i Formannskapet - 08.06.2010

Det vart fremma følgjande fellesforslag :

Midsund kommune opprettheld forkjøpsretten til gnr. 50 bnr. 215, omtala i punkt 4 i underskriven avtale mellom Midsund kommune og Opstad Maskin AS den 18.03.2005.

Formannskapet får delegert mynde til å ta stilling til bruk av forkjøpsretten.

Fellesforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 08.06.2010

Midsund kommune opprettheld forkjøpsretten til gnr. 50 bnr. 215, omtala i punkt 4 i underskriven avtale mellom Midsund kommune og Opstad Maskin AS den 18.03.2005.

Formannskapet får delegert mynde til å ta stilling til bruk av forkjøpsretten.

Geir Göncz
Rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandler

Vedlegg (prenta): Søknad om fråfall av forkjøpsrett
Kopi av avtale om sal, datert 18.03.2005
Situasjonsplan
Ortofoto

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Opstad Maskin AS, PB 63, 6476 Midsund



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2010/37-3
Arkiv: 50/183
Saksbeh: Sindre Sæter
Dato: 31.05.2010

Saksframlegg

Sal av næringstomt - deler av gnr. 50 bnr. 183

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/38	Formannskapet	08.06.2010
10/42	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

Midsund kommune sel eit areal på om lag 10 daa i henhold til underskriven avtale mellom Midsund kommune og Bygg Kompetanse AS, datert 28.05.2010.

Bygg Kompetanse får opsjon på kjøp av eit tilleggsareal på om lag 4,5 daa i henhold til underskriven avtale mellom Midsund kommune og Bygg Kompetanse AS, datert 28.05.2010.

Behandling i Formannskapet - 08.06.2010

Det vart fremma fellesforslag om å legge til eit punkt i forslag til vedtak:

Det er eit vilkår at det er starta bygging av lager og/eller kontorbygg på tomta innan 3 år. I motsett fall har Midsund kommune rett til å kjøpe tilbake tomta til same pris.

Forslag til vedtak med nytt punkt vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 08.06.2010

Midsund kommune sel eit areal på om lag 10 daa i henhold til underskriven avtale mellom Midsund kommune og Bygg Kompetanse AS, datert 28.05.2010.

Bygg Kompetanse får opsjon på kjøp av eit tilleggsareal på om lag 4,5 daa i henhold til underskriven avtale mellom Midsund kommune og Bygg Kompetanse AS, datert 28.05.2010.

Det er eit vilkår at det er starta bygging av lager og/eller kontorbygg på tomta innan 3 år. I motsett fall har Midsund kommune rett til å kjøpe tilbake tomta til same pris.

Saksutgreiing:

Bygg Kompetanse ønskjer å kjøpe eit areal på om lag 10 daa frå gnr. 50 bnr. 183, eigd av Midsund kommune. Arealet er regulert til service/næring i reguleringsplan for Stormyra industriområde.

Bygg Kompetanse ønskjer å ha opsjon på kjøp av eit tilleggsareal på om lag 4,5 daa.

Midsund kommune og Bygg Kompetanse har signert ein avtale om sal av grunneigedom. Avtalen trer i kraft når den er godkjend av kommunestyret i Midsund.

Vurdering:

Bygg Kompetanse ønskjer å kjøpe næringsstomt i Stormyra for oppføring av lager og eventuelt kontorbygg. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplan for Stormyra.

I punkt 2 i avtalen får Bygg Kompetanse opsjon på kjøp av eit tilleggsareal på 4,5 daa. Dersom Midsund kommune ønskjer å nytte seg av området, eller det er andre interessentar, vil Bygg Kompetanse AS få eit skriftleg varsel med 14 dagers svarfrist på om dei vil nytte seg av opsjonen.

Rådmannen rår til at Midsund kommune sel eit næringsareal på om lag 10 daa til Bygg Kompetanse AS.

Geir Göncz
Rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandler

Vedlegg (prenta): Avtale om sal av grunneigedom, datert 28.05.2010
Kart

Vedlegg (uprenta): Komplet saksmappe

Særutskrift går til: Bygg Kompetanse AS, 6475 Midsund



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2010/191-1

Arkiv:

Saksbeh: Stian Løken

Dato: 26.05.2010

Saksframlegg

Fag- og timebyteplan i grunnskulen i Midsund kommune

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/39	Formannskapet	08.06.2010
10/43	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

- 1, Engelsk for 5. trinn vert utvida med 38 timar pr. år frå skuleåret 2010/2011.
- 2, Fag- og timebyteplan som vedlagt saka vert godkjent som gjeldande for Midsund kommune frå skuleåret 2010/2011
3. Skuleveka for 5. årstrinn vert utvida til 5 skuledagar pr. veke frå skuleåret 2010/2011.

Behandling i Formannskapet - 08.06.2010

Det vart fremma fellesforslag om eit punkt 4 i forslag til vedtak:

4. *Dei økonomiske konsekvensane må innarbeidast i ei eiga budsjettendringssak.*

Forslag til vedtak med nytt punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 08.06.2010

- 1, Engelsk for 5. trinn vert utvida med 38 timar pr. år frå skuleåret 2010/2011.
- 2, Fag- og timebyteplan som vedlagt saka vert godkjent som gjeldande for Midsund kommune frå skuleåret 2010/2011
3. Skuleveka for 5. årstrinn vert utvida til 5 skuledagar pr. veke frå skuleåret 2010/2011.
4. Dei økonomiske konsekvensane må innarbeidast i ei eiga budsjettendringssak.

Bakgrunn for saka:

Opplæringslova §2-2: Omfanget av opplæringa i tid

Departementet gir forskrifter om samla tid til opplæring i grunnskolen.

Kommunen kan gi forskrifter om undervisningstid ut over timerammene i forskriftene etter første leddet. ...

Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret.

Timetalet i skulen har vore i endring dei siste åra. Det totale timetalet er utvida, det er innført rett til fysisk aktivitet i skuletida og kommunen er pålagt å tilby elevane frå 1.-4- årstrinn gratis leksehjelp i samband med SFO. Leksehjelpa er ikkje ein del av den ordinære fag- og timebyteplana.

Endringar dei siste åra:

- Skuleåret 2008/2009 auka timetalet for 1.-4. årstrinn slik:

Norsk: 78 timar (2 veke timar)
Matematikk: 78 timar (2 veke timar)
Engelsk: 38 timar (1 veke time)

Totalt 194 timar tilsvarande 258,6 undervisningstimar på 45 minutt.

- Innføring av rett til fysisk aktivitet 5.-7. årstrinn

§ 1-1a opplæringslova, Rett til fysisk aktivitet

Elevar på 5.-7. årstrinn skal jamleg ha fysisk aktivitet utanom kroppsøvingfaget. Til saman skal dette utgjere 76 timar innanfor 5.7. årstrinn, jf. Fag- og timefordelinga.

Den fysiske aktiviteten skal tilretteleggjast slik at alle elevar, utan omsyn til funksjonsnivå, kan oppleve glede, meistring, fellesskap og variasjon i skoledagen.

Reglane om individuell vurdering i kapittel 3 og reglane om krav til pedagogisk kompetanse for undervisningspersonell i kapittel 14 gjeld ikkje. ...

Frå og med skuleåret 2009/2010 blir timetalet for 1.-7. årstrinn auka med 38 timar, tilsvarande 1 time per veke. Timane skal leggjast til det faget og det årstrinnet skuleeigar tilrår ut i frå lokale behov.

Skulane foreslår å fordele timane slik:

- Midsund skule: 5. trinn, engelsk.

Saksutgreiing:

Ordinær fag- og timebyteplan 60 min. einingar:

Fag	1.-7. Årstrinn			8.-10. Årstrinn	Sum grunnskule
	1-4	5-7	Sum		
RLE			427	157	584
Norsk	931	441	1372	398	1770
Matematikk	560	328	888	313	1201
Naturfag			328	256	584
Engelsk	138	228	366	227	593
Framandspråk/språkleg fordjuping			0	227	227
Samfunnsfag			385	256	641
Kunst og handtverk			477	150	627
Musikk			285	85	370
Mat og helse			114	85	199
Kroppsøving			478	228	706
Elevrådsarbeid			0	71	71
Utdanningsvalg			0	113	113
Fysisk aktivitet	0	76	76	0	76
Sum			5196	2566	7762
1 time utviding frå 2010/2011			38		
Leksehjelp frå 2010/2011	304		304		
Sum med utviding			5500		8066

Ordinær fag- og timebyteplan, 45 min. einingar:

Fag	1.-7. Årstrinn			8.-10. Årstrinn	Sum grunnskule
	1-4	5-7	Sum		
RLE			569	209	778
Norsk	1241	588	1829	531	2360
Matematikk	747	437	1184	417	1601
Naturfag			437	341	778
Engelsk	184	304	488	303	791
Framandspråk/språkleg fordjuping			0	303	303
Samfunnsfag			513	341	854
Kunst og handtverk			636	200	836
Musikk			380	113	493
Mat og helse			152	113	265
Kroppsøving			637	304	941
Elevrådsarbeid			0	95	95
Utdanningsvalg			0	151	151
Fysisk aktivitet	0	101	101	0	101
Sum			6926	3421	10347
1 time utviding frå 2010/2011			51		
Sum med utviding			6977		10398

Alle timar i fag- og timebyteplan lokalt er konvertert til 45 min. einingar. Dette gjer at det i det enkelte fag kan være vanskeleg å få det totale timetalet i faget til å gå opp med krav i læreplan som er gitt i 60 min. einingar. Tilsvarande kan det være vanskeleg å få totaltimetalet å samsvare med krav i læreplan. Krav i læreplan er å rekne som minimumskrav, jf. § 2-2 i opplæringslova, og ein vurderar det slik at skuleeigar må planfeste minst eit tilsvarande antal timar til enkeltfag i lokal fag- og timebyteplan.

1.-5. trinn i Midsund kommune har i dag 4 skuledagar pr. veke. Ein konsekvens av det auka timetalet kommunane er pålagde dei siste åra er at kommunen må utvide til 5 skuledagar pr. veke for 5. trinn. Dette krev ei omfordeling av timane på mellomtrinnet. Ved utviding av skuleveka for 5. trinn greier ein ikkje å fullt ut fylle opp 30 timars skuleveke for alle årstega på mellomtrinnet. Dette er viktig for å kunne koordinere skuleskyssen for mellomtrinnet med skyss for ungdomstrinnet. Ein er difor avhengig av å fylle ut skuleveka så ein får totalt 30 timar pr. veke. Dette foreslår ein å løyse ved å tilby elevane på 5.-7. trinn leksehjelp tilsvarande totalt 76 timar pr. år.

Ved innføring av rett til fysisk aktivitet vart kostnadane lagt inn i rammeoverføringa til kommunane. I rammeoverføringa er det lagt til grunn assistentløn. Timane med fysisk aktivitet er knytta til assistent.

Kostnader ved auke i timetal 1.7. trinn blir lagt inn i rammeoverføringa til kommunane og er berekna ut i frå ordinær undervisning, altså lærarløn.

Ved skulane er det vurdert at det vil være hensiktsmessig å legge timetalsutvidinga for 1-7 til 5. trinn. Dette med bakgrunn i resultat frå nasjonale prøver der Midsund kommune over tid har resultat under gjennomsnitt i engelsk for 5. trinn. Av praktiske grunnar må timetallsutvidinga leggest til mellomtrinn då ei timetalsauke for 1.-4. trinn ville medføre at ein ikkje kan oppretthalde 4-dagars skuleveke. Konsekvensen ville ha vore ekstra kostnadar på skuleskyss for alle trinna, samt kortare skuledag som igjen ville framtvinga eit utvida SFO-tilbod.

Vurdering:

Med utgangspunkt i forslag til fag- og timebyteplan som vedlagt foreslår rådmannen å tilby 1 veketime fysisk aktivitet på alle trinn på mellomsteget, noko som totalt sett utgjer 10 klokketimar over kravet totalt over 3 år (13 t. 45 min. einingar). I tillegg foreslår ein å gje tilbod om leksehjelp for mellomsteget tilsvarande 38 årstimar for 5. trinn og 19 årstimar for 6. og 7. trinn, totalt 76 timar pr. år. Dette for å fylle ut skuleveka til 30 timar pr. veke for å koordinere skuleskyssen mellom mellomtrinn og ungdomstrinn. Kostnaden på leksehjelpa blir berekna ut i frå assistentløn.

Med bakgrunn i resultat frå nasjonale prøver foreslår rådmannen å auke timetalet i engelsk for 5. trinn med 38 timar.

I fag- og timebyteplan som vedlagt kan det bli gjort mindre endringar i timefordelinga internt på hovudtrinna innanfor dei timetalsrammene som ligg i plana.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Utgifter det ikkje er teke høgde for i budsjettet for Midsund skule:

Ekstra skysskostnadar 5. trinn:	ca 35 000 kr
Timetalsauke 38 timar:	ca 22 000 kr
Timar leksehjelp 5.-7. trinn:	ca 22 000 kr
Totalt:	ca 80 000 kr

Ved Raknes skule er det i dag tilbod om noko gratis SFO for å fylle ut skuleveka. Dette har samband med skuleskyssen. I ny fag- og timebyteplan er lærartimar auka med 2,5 timar pr. veke (95 årstimar), som då erstattar gratis SFO i skuletida. Lønnsdifferansen mellom assistentløn SFO og lønn til ordinær undervisning er ei kostnadsauke det ikkje er teke høgde for i budsjettet for Raknes skule. Dette utgjer ca 30 000 – 35 000 kr.

Geir J. Göncz
rådmann

Stian Løken
Pedagogisk rådgjevar

Vedlegg (prenta):

- **fag- og timebyteplan for grunnskulen i Midsund kommune**
- **1.-7.trinn og 8.-10.trinn**

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

- **Midsund skule v/ rektor**
- **Raknes skule v/ rektor**

Fag- og timebyteplan for grunnskolen i Midsund kommune

1.-7.trinn

Rle	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år	95	76	76	57	76	76	114	576
Timar pr.veke	2,5	2	2	1,5	2	2	3	
Norsk	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år	323	304	304	304	209	190	190	1822
Timar pr.veke	8,5	8	8	8	5,5	5	5	
Matematikk	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år	190	190	190	171	152	152	152	1197
Timar pr.veke	5	5	5	4,5	4	4	4	
Naturfag	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år	38	38	38	38	95	76	114	437
Timar pr.veke	1	1	1	1	2,5	2	3	
Engelsk	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år	38	38	38	76	114	114	114	532
Timar pr.veke	1	1	1	2	3	3	3	
Samfunnsfag	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år	38	38	38	38	114	95	152	513
Timar pr.veke	1	1	1	1	3	2,5	4	
Kunst og handverk	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år	76	76	76	76	114	114	114	646
Timar pr.veke	2	2	2	2	3	3	3	
Musikk	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år	38	38	38	38	76	76	76	380
Timar pr.veke	1	1	1	1	2	2	2	
Mat og helse	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år				38		114		152
Timar pr.veke	0	0	0	1	0	3	0	
Kroppsøving	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år	76	114	114	76	114	76	76	646
Timar pr.veke	2	3	3	2	3	2	2	
Fysisk aktivitet	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år					38	38	38	114
Timar pr.veke	0	0	0	0	1	1	1	
Leksehjelp	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år	76	76	76	76	38	19	0	361
Timar pr.veke	2	2	2	2	1	0,5	0,5	

Sum	1.årstrinn	2.årstrinn	3.årstrinn	4.årstrinn	5.årstrinn	6.årstrinn	7.årstrinn	Sum 45 min
Timar pr.år	912	912	912	912	1102	1121	1140	701
Timar pr.veke	24	24	24	24	29	29,5	30	

8.-10. årstrinn

Rle	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr.år	76	57	76	209	157	157
Timar pr.veke	2	1,5	2	5,5		
Norsk	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr.år	190	152	190	532	399	398
Timar pr.veke	5	4	5			
Matematikk	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr.år	152	114	152	418	314	313
Timar pr.veke	4	3	4			
Engelsk	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr.år	114	76	114	304	228	227
Timar pr.veke	3	2	3			
Naturfag	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr.år	114	114	114	342	257	256
Timar pr.veke	3	3	3			
Framandspråk/språkleg fordjuping	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr. år	114	76	114	304	228	227
Timar pr. veke	3	2	3			
Samfunnsfag	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr. år	114	114	114	342	257	256
Timar pr. veke	3	3	3			
Kunst og handtverk	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr. år	76	76	38	190	143	150
Timar pr. veke	2	2	1			
Musikk	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr. år	38	76	0	114	86	85
Timar pr. veke	1	2	0			
Mat og helse	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr. år	0	114	0	114	86	85
Timar pr. veke	0	3	0			
Kroppsøving	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr. år	114	76	114	304	228	228
Timar pr. veke	3	2	3			
Elevrådsarbeid	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr. år	38	19	38	95	71	71
Timar pr. veke	1	0,5	1			

Utdanningsvalg	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr. år	0	76	76	152	114	113
Timar pr. veke	0	2	2			
Sum	8.årstrinn	9.årstrinn	10.årstrinn	Sum 45 min.	Sum 60 min.	L06
Timar pr.år	1140	1140	1140	3420	2565	2566
Timar pr.veke	30	30	30			



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2010/244-2

Arkiv: A20

Saksbeh: Stian Løken

Dato: 27.05.2010

Saksframlegg

Organisering av leksehjelp 1.-4. trinn

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/40	Formannskapet	08.06.2010
10/44	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek organisering av leksehjelp for 1.-4. trinn i Midsund kommune til vitande.

Behandling i Formannskapet - 08.06.2010

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 08.06.2010

Kommunestyret tek organisering av leksehjelp for 1.-4. trinn i Midsund kommune til vitande.

Bakgrunn for saka:

Endring i opplæringslova § 13-7a, som gir skuleeigar plikt til å tilby leksehjelp til elevar på 1.-4. trinn, samt forslag til nytt kap. 1A i forskrift til opplæringslova (§1A-1: leksehjelp i grunnskolen).

Saksutgreiing:

Forslaget om innføring av leksehjelp har bakgrunn i St.meld. 31 (2007-2008) *kvalitet i skolen*, der betydninga av styrka opplæring i fag, dagleg fysisk aktivitet og leksehjelp er framheva som viktige faktorar. I høyringsbrevet frå kunnskapsdepartementet blir leksehjelpa omtala som eit målretta tiltak for elevar og foreldre som ynskjer støtte i læringa. Leksehjelpa er og eit ledd i strategien om tidleg innsats for betre læring.

Leksehjelp vil være ein plikt for skuleeigar og ein rett for eleven. Det er presisert at leksehjelpa ikkje er ein del av grunnskuleopplæringa til eleven, og er derfor ikkje timeplanfesta i den ordinære fag- og timefordelinga.

Totalt skal kommunen tilby 8 timar leksehjelp pr. veke, med minimum time pr. veke for kvart trinn. Kommunen kan fordele dei resterande 4 timane mellom trinna. Leksehjelpa kan leggest til SFO. Dersom leksehjelpa organiserast som ein del av SFO, kan kommunen ikkje ta betalt for den tida eleven mottar leksehjelp. Leggast leksehjelpa inn i ordinær skuledag har dei elevane som ikkje ynskjer å benytte seg av leksehjelp krav på tilsyn/tilbod (forskrift §12-1 oppl.) om andre aktivitetar.

Leksehjelpa skal være gratis for elevane og det skal være frivillig for elevane å delta. Det er opp til foreldra og eleven sjølv om ein ynskjer å benytte seg av tilbodet eller ikkje. Det skal være eit tilbod om hjelp til skulearbeid uavhengig av om elevane har lekser i tradisjonell forstand eller ikkje. Sjølv om leksehjelpa ikkje skal være ein del av grunnskuleopplæringa skal det være nær tilknytning mellom skulearbeidet og leksehjelpa. Ut over dette står kommunen fritt til å organisere leksehjelptilbodet slik ein finn det mest hensiktsmessig.

At leksehjelpa ikkje er ein del av opplæringa inneber blant anna at bestemmingane om spesialundervisning, fag- og timefordeling, individuell vurdering, rett til skyss og kompetansekrava til undervisningspersonale, ikkje gjeld for leksehjelpa.

Det er ikkje satt krav til gruppestorleik i leksehjelpa, anna enn at kommunen må vurdere om gruppa leksehjelpa gis i, er pedagogisk og sikkerhetsmessig forsvarleg, og at leksehjelpa ikkje tilbys i grupper der elevane ikkje får oppfølging med leksearbeidet. Forsvarleg gruppestorleik må då sjåast i samanheng med antal vaksne, dei vaksnes kompetanse, antal elevar, samansetninga av elevar i gruppa.

Det er ikkje krav om at leksehjelpa skal leiast av undervisningspersonell. I kostnadsberekninga i statsbudsjettet er det lagt til grunn fagarbeidarløn og eit påslag på 25 pst. til administrasjon, dette for å legge til rette for å kunne ha eit visst samarbeid mellom pedagogisk personale og leksehjelppersonalet.

Kommunen har plikt til å informere foreldra om retten til leksehjelp og organiseringa av tilbodet.

Vurdering:

Rektor ved Raknes skule har saman med pedagogisk rådgjevar og rektor ved Midsund skule vurdert at leksehjelpa bør leggjast etter skuletid måndag og tysdag, frå klokka 14.30-15.45. I utgangspunktet planlegg ein då å ha ei aldersblanda gruppe der alle elevar på 1.-4. trinn kan nytte tilbodet samtidig. Alle trinn får då tilbod om 2 timar leksehjelp pr. veke, totalt 8 timar. Gruppestorleik er tenkt til 15 elevar. Personalet i SFO blir brukt som leksehjelparar.

Det er sendt ut brev til foreldra for å kartlegge interessa for å bruke tilbodet. Er pågangen ikkje stor nok vil det være utfordrande å kunne få store nok grupper til å drive tilbodet så rasjonelt som mogleg. Blir interessa frå foreldra stor vil ein måtte auke antal grupper.

Ei utfordring i planlegginga er skuleskyssen. Leksehjelpa er, i likheit med skulefritidsordninga, ikkje innefatta av retten til skuleskyss. Det må då takast ei vurdering på om dei elevane som brukar tilbodet skal kunne bruke skyssretten. I praksis inneber dette at nokon elevar kan ta rutegående buss medan andre må hentast av foreldre, og skyssstilbodet blir dermed ikkje likt for alle.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

I utgangspunktet er det tenkt følgjande kostnader:

2 veketimar (76 årstimar)fagarbeidar/assistent SFO: ca 22 000 kr.

Dette overslaget er basert på 1 aldersblanda gruppe. Kostnaden vil auke proporsjonalt med eventuelt auke i antal grupper. Meir nøyaktig overslag må gjerast etter at kartlegginga blant foreldre er avslutta og ein veit meir om omfanget. Det må og takast med at dei elevane som brukar skulefritidsordninga, og foreldra ynskjer skal bruke tilbodet om leksehjelp vil måtte få avkorta 2 timar av SFO-betalinga. Den økonomiske konsekvensen av dette vil og måtte gjerast etter at ein veit eit meir nøyaktig antal elevar dette eventuelt vil gjelde.

Geir J. Göncz
rådmann

Stian Løken
Pedagogisk rådgjevar

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2010/255-1
Arkiv: 047
Saksbeh: Geir J. Göncz
Dato: 01.06.2010

Saksframlegg

Investering i kontor- og saksbehandlingssystem

Utvalsak	Utval	Møtedato
10/31	Formannskapet	08.06.2010
10/45	Kommunestyret	17.06.2010

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek investeringar i kontor- og saksbehandlingssystem på kr 380.000
2. Investeringa vert finansiert ved auka låneopptak

Behandling i Formannskapet - 08.06.2010

Det vart utdelt ei oversikt over dei økonomiske konsekvensane av investeringane i møtet.

Økonomisjef Anne Oterhals orienterte om Visma Unique medan rådmann Geir J. Göncz orienterte om kvalitetssystem.

Samrøystes som i forslag til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 08.06.2010

1. Kommunestyret vedtek investeringar i kontor- og saksbehandlingssystem på kr 380.000
2. Investeringa vert finansiert ved auka låneopptak

Saksutgreiing:

1. Midsund kommune har sidan hausten 2003 benytta Unique Økonomi og Ansatt som sine økonomisystem. Desse systema skal no oppgraderast til Visma Enterprise. Kommunane i ROR-samarbeidet er i same situasjon og det er lagt tidsplaner for overgang og samarbeid om opplæring mellom kommunane. I hht ROR-avtalen med Visma vil ikkje oppgraderinga føre til auka årlege kostnader, men kostnader til opplæring/implementering vil ligge på ca. kr. 150.000,- Rådmannen har allereie inngått avtale med Visma Unique med føresetnad av kommunestyret si godkjenning.

2. Det er og behov for ei oppgradering av kontorstøttesystema våre, og berre for Office-pakken (word, excel og powerpoint) for kvar pc vil krevje ei investering på nærare 200.000,-, ved kjøp. Her er det fleire avtalealternativ som går på årleg leige med rett til oppgradering til nyaste versjon osv. Rådmannen legg til grunn ei investering på kr . 100.000,- til dette, og at resten blir dekt innafor opprinneleg budsjett.

3. Arbeidsmiljølovens §3-1 stiller krav til at arbeidsgivar utførar eit systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid på alle plan i verksemda. Rådmannen ser det som overordna viktig å forenkle og effektivisere arbeidet med internkontroll og at det etablerast eit kvalitetssystem som:

- samlar rutine og prosedyre på ein stad
- oversiktlig og enkelt presenterar dokumentasjon for medarbeidarar og tilsynsmyndigheter
- gir god oversikt over prosedyre innan alle kvalitetsområde
- behandlar avvik på ein forutsigbar, systematisk og kvalitetsmessig måte
- gir gode rapporteringsrutine

Utan å låse seg til leverandør har rådmannen innhenta og fått testa ut leverandør av elektronisk kvalitetssystem. Kostnad for etablering, installering og opplæring i eit system vil vere ca. kr 130.000,-.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Låneopptak vert auka med kr 380.000,-.

Geir J. Göncz
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: